

John Torsvik
Fensfjordvegen 1319
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/21 - 20/9962

Sakshandsamar:
Frank Kvinge
Frank.Kvinge@masfjorden.kommune.no

Dato:
24.11.2020

Referat frå møte mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune

Kommunestyresalen 24.11.20 kl 0815-0945

Til stades:

Frå Masfjord fotballag:

John Torsvik og leiar Arild Haugsvær

Frå kommunen:

Ordførar Karstein Totland, rådmann Svein Helge Hofslundsengen, rådgjevar Anne Kristin Rafoss, kulturleiar Frank Kvinge

1. Driftsavtale Nordbygda sentralbaneanlegg- avklaring

Masfjord fotball har ikkje fått utbetalt driftstilskot for 2019 ettersom fotballag og kommune har ulike oppfatningar om ei tilbakebetalingsordning for fotballaget si involvering i Matre idrettspark tilbake i 2016.

Saka vart drøfta.

I etterkant av møtet har rådmannen kome med følgjande framlegg til løysing:

- 2019 Utbetaling av kr 155 000 til Masfjord fotballag i hht avtale.
- 2020 Det eksisterer ingen avtale. Masfjord fotball har likevel utført ein del vedlikehaldsarbeid. Utbetaling kr 50% av avtalesum 2019, dvs 77500
- 2021 Det vert inngått ny vedlikehaldsavtale mellom Masfjord fotball og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralbaneanlegg i hht kommunestyresak 083/2020.

Med atterhald om politisk godkjenning.

Rådmannen legg saka fram i neste kommunestyremøte.

2. Spelemiddelsøknad for Nordbygda sentralbaneanlegg

Proessen med å utarbeida spelemiddelsøknader på Nordbygda sentralbaneanlegg vart starta opp våren 2020. Proessen har stoppa opp grunna ein del manglande politiske avklaringar knytt opp mellom anna til

- interkommunal medverknad
- parkering

- økonomi

To spelemiddelprosjekt vart drøfta: Banedekke og flomlys.

Rådmannen orienterte om kommunen sin økonomiske situasjon framover.

På bakgrunn av drøftingane ser ein at ein spelemiddelsøknad om flomlys er det som er mest realistisk å utarbeida no.

Initiativ til spelemiddelsøknad for Nordbygda sentralbaneanlegg må koma frå Masfjord fotball og ev andre lag som er brukarar av anlegget saman med søknad om stadfesting av kommunal medfinansiering.

Skal ein få inn søknad for 2021 hastar det med utarbeiding.

Med helsing

Frank Kvinge

kulturskulerektor / fagleiar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

| | | | |
|----------------------------|------------------------|------|-------------|
| Anne Kristin Rafoss | Indre Haugsdal 770 | 5984 | MATREDAL |
| Arild Haugsvær | Austfjordvegen 2412 | 5981 | MASFJORDNES |
| John Torsvik | Fensfjordvegen 1319 | 5986 | HOSTELAND |
| Karstein Totland | | 5981 | MASFJORDNES |
| Svein Helge Hofslundsengen | Øyna 12 | 5913 | EIKANGERVÅG |